



Eidfjord kommune



Ulvik herad



Granvin herad

## Røykvarslarar reddar liv

**I desember i fjor døydde det åtte nordmenn i brann. Det vil seie at det omkom ein person kvar fjerde dag. Bruk Røykvarslardagen 1. desember til å bytte batteri og teste røykvarslarane dine.**

I perioden 2000 og fram til i dag har det vore 4 707 bygningsbrannar i Hordaland. Det har omkome 71 personar i brann i same periode. Fem personar har så langt i år omkome i brann i fylket.

- Halvparten av alle dødsbrannar skjer i bustader som ikkje har fungerande røykvarslarar. Når ein brann oppstår har du berre få minutt på deg til å kome deg ut av huset.

Alle bustader skal ha røykvarslarar eller brannalarmanlegg, og du må ha minst éin varslar i kvar etasje. Alarmen skal kunne høyrast tydeleg på opphaldsrom og soverom, også når døra mellom romma er lukka.

- Du bør kople røykvarslarane saman, slik at alle varslarane pip samstundes ved brann. Dette kan gje deg verdifull tid til å evakuere og vere med på å redde deg og familien din.

Røykvarslarar bør testast jamleg og når du har vore bortreist over lengre tid. Det er også ein fordel å støvsuge den jamleg. Det aukar levetida til varslaren.

- Levande lys, peiskos, bruk av komfyren og meir bruk av elektrisk utstyr utgjer ein ekstra risiko i jula, særleg i kombinasjon med inntak av alkohol. Gjer det difor til ein hugseregel å bytte batteri **1. desember**, som er **Røykvarslardagen**.

Røykvarslardagen er eit samarbeid mellom DSB, Norsk brannvernforening, Gjensidige, det lokale elektrisitetstilsynet og brann- og feiervesenet.

På **roykvarslerdagen.no** finn du nyttig informasjon om tiltak som betrar branntryggleiken.

1 desember 2017

Egil Holven  
-brannsjef-